
Fra: Lillian Olsen Opedal <lillian.opedal@seljord.kommune.no>
Sendt: 9. april 2019 16:56
Til: Postmottak KMD
Emne: Høyringsvar - ny forskrift om råd for eldre, personar med funksjonsnedsetting og for ungdom

Til Kommunalavdelingen!

Seljord kommune må beklage ei for sein innsending av høyringsvar til ny forskrift om råd for eldre, personar med funksjonsnedsetting og for ungdom. Vi vel likevel å sende inn høyringsvara frå kommunens Eldreråd og Råd for menneske med nedsett funksjonsevne, då det likevel kan komme til nytte.

Vedtak i Eldreråd den 26.03.19:

Høyringsvar til ny forskrift om råd for eldre, for personar med funksjonsnedsetting og for ungdom: Eldrerådet støttar endringane i ny forskrift som sikrar lik rett og handsaming for både eldre, pesonar med funksjonsnedsetting og ungdom.

Eldrerådet meiner at forskrifta ikkje er tydeleg nok på at den rett som råd for eldre har no jf. gjeldande regelverk skal vidareførast i ny forskrift, og ber om at dette vert klargjort i forskrifta.

Eldrerådet meiner det er viktig at rådsmedlemma får opplæring på lik line med medlemmane i kommunestyret.

Vedtak i Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 26.03.19:

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne støttar endringane i ny forskrift med som sikrar lik rett og handsaming for både eldre, pesonar med funksjonsnedsetting og ungdom.

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne meiner at forskrifta ikkje er tydeleg nok på at den rett som råd for eldre har no jf. gjeldande regelverk skal vidareførast i ny forskrift, og ber om at dette vert klargjort i forskrifta.

Råd for menneske med funksjonsnedsetting meiner det er viktig at rådsmedlemma får opplæring på lik line med medlemmane i kommunestyret.

Mvh

Lillian Olsen Opedal

Kommunalsjef for helse og omsorg
Seljord kommune
Tlf: 350 65 106 / 99 22 47 27